

FRÅSEGNAR VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET VOSS ARBEIDARPARTI 2020

Helse, skule og butilhøve i flyktningeleirar

Framlegg:

Arbeiderpartiet må vera med å ta ansvar for menneske som bur i flyktningeleirar. Arbeidarpartiet skal jobbe for at born som bur i flyktningeleirar skal få mogelegheit til skulegang, tilgang på medisin og helsetilbod og betre butilhøve

Bakgrunn:

Det bur mange flyktningar under umenneskelege kår i flyktningeleirar i m.a. Hellas. Born får tilbod om minimal undervisning. Skuleundervisning er ofte basert på «første mann til mølla»-prinsippet. Dei fleste borna deltek ikkje i undervisning, anten fordi det er langt å reise, ikkje er plass, eller fordi livssituasjonen ikkje tillet det.

Helsetilbodet til flyktningar som er i Hellas er svært dårleg. Det same gjeld tilgangen til medisinar. Det er stort sett organisasjonar som Leger utan grenser og UNICEF som tilbyr helsetilbod. Kapasiteten til desse organisasjonane er sprengt og dei fleste flyktningane går sjuke lenge før dei får hjelp. Mangelen på medisinar og nødvendig medisinsk utstyr gjer det vanskeleg for organisasjonane å ivareta og behandla dei som treng hjelp.

I mange leirar bur ein del flyktningar i kontainrarar eller såkalla Isoboksar. Dei er ca. 15-18 kvm. og husar to til tre familiar. I leirane som har eigne soner for einslege mindreårige bur det opp til 20 born i kvar kontainar. Dei einslege mindreårige som ikkje får tilbod, må bu i telt. Mange har ikkje pengar til å kjøpe telt, og søv difor under presenning og plastikk.

Digitallisering skal leggja til rette for statlege arbeidsplassar i distrikta.

Framlegg:

Digital infrastruktur skal leggja til rette for statlege arbeidsplassar i distrikta.

Bakgrunn

Digitalisering blir brukt som et argument for å leggja ned statlege arbeidsplassar i distrikta. Arbeiderpartiet må leggja til rette for digital infrastruktur som gjer det mogeleg å oppretthalde, men også skapa nye arbeidsplassar i distrikta.

Tilskot til barnehagar etter utdanning på innbyggjarane er avleggs.

Framlegg

Arbeidarpartiet vil ta vekk utdanningskriteria for tilskot til barnehagar slik at ikkje innbyggjarane si utdanning lenger skal være eit kriterie når rammeløyve til barnehagar vert gitt til kommunane.

Grunngjeving.

Det er i dag tilnærma full barnehagedekning og eit slikt kriterie gjer at industrikommunar og landbrukskommunar får mindre tilskot til barnehagar enn til dømes bykommunar.

Berekraftig reiseliv

Framlegg

Arbeiderpartiet vil ha eit meir berekraftig reiseliv ved å gjera det enklare og rimelegare å reise med tog og ved å støtte teknologiutvikling som vil gje meir miljøvenlege reise, td el-fly.

Grunngjeving

Me reiser stadig meir, og reiseliv er mellom dei næringane som veks mest globalt. I Noreg er reiselivet vår tredje største næring. For å møte denne veksten, må reiselivet sitt klimaavtrykk minimaliserast. Målet må vera sporlaus ferdsel og dermed eit grønt reiseliv.

Opprusting av kraftverk

Framlegg

Arbeiderpartiet vil at det skal bli betre økonomiske vilkår for fornying og effektivisering av eksisterande vasskraftverk gjennom å justera ned grunnrenteskatten energiselskap må betala.

Grunngjeving

Mange energiselskap har klare planar og prosjekt for å optimalisera og fornya eksisterande kraftverk, men dei ligg på vent, fordi det ikkje lenger er rekningssvarande å gjennomføra tiltaka. Høg grunnrenteskatt gjer at me går glipp av eit viktig klimatiltak, då modernisering og effektivisering av eksisterande kraftverk vil auka kraftproduksjonen i stor grad.

Desentralisert høgskule

Framlegg

Arbeiderpartiet vil at det skal bli enklare å gjennomføra desentralisert høgskuleutdanning i heile landet. For å få dette til skal det etableraste ei eiga finansieringsordning for desentralisert høgskuleutdanning.

Grunngjeving

Store avstandar gjer at det kan vera vanskeleg for mange å gjennomføra høgare utdanning. Ei meir omfattande ordning vil kunne legge betre til rette for at folk i heile landet kan ta utdanning der dei bur. Den teknologiske utviklinga er kome så langt at ein ikkje lenger må på campus for å vera student. Dette vil vera eit viktig distriktpolitisk tiltak der ein og kan gje støtte til utdanningar som det er særleg trong for i distrikts-Noreg.

Finansiering av private barnehagar

Framlegg

Private ikkje-kommersielle barnehagar må få same finansiering som kommunale barnehagar.

Grunngjeving

Private barnehagar er i dag finansiert på grunnlag av rekneskapstal to år tilbake i tid. Når det då vert innført nye krav og normer, slik som kompetanse- og bemanningsnorm, får dei private barnehagane auka utgifter utan at dei får kompensert for det før det har gått to år.

Det gjer at private barnehagar som er med på å sikra full barnehagedekning i mange kommunar, står i fare for å gå konkurs.

Den statlege tilskotsordninga for ressurskrevjande brukarar (BPA) må endrast Framlegg

Aldersgrensa i tilskotsordninga må fjernast.

Grunngjeving

Den statlege tilskotsordninga for ressurskrevjande brukarar, mellom anna dei med rett til brukarstyrt personleg assistent, fell i dag vekk når brukaren fyller 67 år. Behovet for brukarstyrt personleg assistanse er ikkje noko som vert vekke sjølv om ein når 67 år, og det det kan vere svært belastande for kommunane sin økonomi.

Kommunane må få sjølv få bestemme om dei vil ha privatskular

Framlegg

Friskulelova må endrast slik at kommunar og fylke har den endelege avgjerda i desse sakene.

Grunngjeving

Etablering av privatskular (såkalla friskular) er ofte svært omstridt då kommunane får reduserte tilskot samtidig som kostnadane ved den offentlege skuledrifta ikkje vert redusert tilsvarande. Etablering kan også føre til at skulestrukturen i kommunane må endrast.

Sats på Bergensbanen!

Regjeringa har sendt forventningane til Bergensbanen i taket dei siste åra. Voss Arbeidarparti krev at dei innfrir. Målet må framleis vera Bergen – Oslo 4 timar – frå sentrum til sentrum. 4 timarsmålet når ein ved å fullføra dobbeltsporet Bergen – Arna, og ved å byggja ny, moderne og dobbeltspora Ringerriksbane og Vossabane, samt mindre utbetringar over fjellet og gjennom Hallingdal.

Start bygginga av Ringeriksbanen!

Reguleringsplanen for Ringeriksbanen er ferdig og godkjend. Kommunal- og moderniseringsdepartementet skulle sendt den til KS2 før sommaren 2019. Me er uroa for at dette vil føra til ny utsetjing av oppstart. Regjeringa lova oppstart i 2019. Dette vart skyvd på til 2021.

Voss Arbeidarparti krev at regjeringa sørgjer for oppstart av Ringerriksbanen i 2021! Nye utsetjingar er ikkje akseptabelt

Me krever oppstart av Arna – Stanghelle, veg og bane etter K5 i 2022!

Arbeidet med reguleringsplanen er i slutfasen og er venta ferdig i august 2020. Kommunal og moderniseringsdepartementet er planmyndigheit.

Voss Arbeidarparti krev at regjeringa prioriterer arbeidet med godkjenning av reguleringsplanen for strekninga og står ved sitt løfte om oppstart i 2022! Veg og bane må fullfinansierast i NTP!

Kom i gang med planlegginga av Stanghelle – Voss, veg og bane etter K5!

Ved å bygga Arna – Stanghelle er ein halvveges på Vossabanen. Regjeringa gav i desember 2016 Statens Vegvesen og Bane Nor i oppdrag å starta planlegginga av Arna – Stanghelle etter K5. Planlegginga skulle gå rett på reguleringsplan. Dette har gjeve etatane store utfordringar.

Ved å setja i gang planlegginga raskt kan ein starta ein normal planprosess der ein går vegen om kommunedelplan før ein startar arbeidet med reguleringsplan. Slik kan ein rydda vekk ein del utfordringar tidleg og arbeidet med reguleringsplanen vil gå fortare. Ein kan og nytta den same prosjektorganisasjonen som arbeider med Arna – Stanghelle. Oppstart av planlegging Stanghelle-Voss kan gje raskare oppstart og tidlegare fullføring av prosjektet.

Me kan ikkje venta i 17 år på trygg E16 og moderne jernbane. Voss Arbeidarparti krev at det vert løyvd pengar til kommunedelplan Stanghelle – Voss på statsbudsjettet for 2021!